



Kirkerådet  
Postboks 799 Sentrum  
0106 OSLO

Dato: 08.09.2016

Vår ref: 16/1884 - 10 AH274 (16/27989)

Dykkar ref:

## Høyring om «Vigselsliturgi og forbønnsliturgi for likekjønnede og ulikekjønnede par»

Høyringssvar Møre bispedømeråd etter møte 2/9-16 i sak 069/16.

### Innleiande kommentarar:

#### Eit samrøystes Møre bispedømeråd (10 av 10 medlemmer) gir slik uttale:

Kyrkjemøtet har bestemt at det skal innførast ny liturgi for likekjønna vigsle i kyrkja. Kyrkjemøtet meiner også at liturgi for likekjønna skal svare til gjeldande liturgi.

Kyrkjemøtet sitt vedtak slår fast at liturgien skal kunne brukast ved alle vigslar, både for likekjønna og for ulikekjønna.

Kyrkjemøtet sitt vedtak uttrykkjer også at dei to syn på vigsle ikkje er av ein slik karakter at det gudstenestlege og sakramentale fellesskap i kyrkja må brytast. Kyrkjemøtet fastslår også at prestar har fridom til å velje om dei vil forrette vigsel/forbønnshandling for likekjønna par, og kyrkjemøtet tilrår at andre kyrkjeleg tilsette også blir gitt høve til å ikkje medverke i kyrkjerommet.

Ny ekteskapslov frå 2009 endra gjeldande forståing av kva eit ekteskap er. Ekteskapslova likestiller vigsle mellom ulikekjønna og likekjønna og innførte med dette ei spenning mellom gjeldande teologisk forståing av eit ekteskap og den juridiske forståinga av ekteskapet. Når kyrkjemøtet no innfører ordning for vigsle mellom likekjønna, så endrar kyrkjemøtet syn på ekteskapet. (jamfr protokoll frå KM, sak 11/07 i samband med innføring av ny ekteskapslov i 2009). Kyrkjemøtet sitt nye vedtak byggjer på mange vis ned det skiljet mellom teologi og jus som ny ekteskapslov medførte.

#### Eit antal på 8 av 10 meiner Møre bispedømeråd vidare skal gi slik uttale:

Ei slik brubygging mellom teologi og jus gir utfordringar. Ekteskapsforståinga i vårt samfunn får no ei breiare forankring enn i kyrkjeleg tradisjon og dei bibelorda som til i dag reknast som fundamentalord. I tillegg opplever mange at ny innsikt har ført til ny forståing av Bibelen sitt vitnemål og held med stort frimot fram at den livslange og forpliktande kjærleiken mellom to, uavhengig av kjønn, er uttrykk for Guds gode vilje for menneske. Eit mindretal på kyrkjemøtet, fastheld at ei kristen kyrkje aldri kan fylgje rådande rett, men må

forstå og tolke liv og samliv slik kyrkja har gjort og slik dei opplever Bibelen sitt ord vitnar.

**Av desse 8 meiner 4 medlemmer at Møre bispedømmeråd skal gi slik uttale:**

Innføring av liturgi for likekjønna vigsle utfordrar einskapen i kyrkja. Sjølv om det er realistisk å tru at det vil ta tid og vere vanskeleg for representantar frå dei ulike posisjonane å finne saman i sams forståing, krev tida og situasjonen disiplin og respekt for andre sine meiningar.

**Av desse 8 uttalar 4 andre medlemmer at Møre bispedømmeråd skal gi slik uttale:**

Innføring av liturgi for likekjønna vigsle utfordrar samhaldet i kyrkja. Sjølv om det er realistisk å tru at det vil ta tid og vere vanskeleg for representantar frå dei ulike posisjonane å finne saman i sams forståing, krev tida og situasjonen disiplin og respekt for andre sine meiningar.

**Eit antal på 2 av 10 medlemmer vil at bispedømmerådet gir slik uttale:**

Ei slik brubygging mellom teologi og jus gir utfordringar. Ekteskapsforståinga i vårt samfunn får no ei breiare forankring enn i kyrkjeleg tradisjon og dei bibelorda som til i dag reknast som fundamentalord. Det er særskild krevjande for ei kristen kyrkje å følgje rådande rett i samfunnet i staden for å forstå og tolke liv og samliv slik kyrkja har gjort til denne dag. Innføring av liturgi for likekjønna vigsle utfordrar einskapen i kyrkja. Kyrkjemøtesak 17/16 sette ord på at det i kyrkja framleis er ulik teologisk forståing av ekteskapet, og at desse i framtida kjem til uttrykk gjennom ulike liturgiske ordningar

## **Høyringsspørsmåla**

1. *Mener dere at liturgiforslagene (Ordning for vigsel og vigselsliturgi og forbønnsliturgi for likekjønnede og ulikekjønnede par/) svarer godt til Kirkemøtets vedtak (KM sak 17/16)?*

**Samrøystes Innleiande kommentarar til sp 1 frå Møre bispedømmeråd:**

Ordbruken i liturgiframlegget fell så langt som råd saman med gjeldande liturgi.

**Eit samrøystes Møre bispedømmeråd (10 av 10 medlemmer) gir slikt svar på spørsmål 1:**

Møre Bispedømmeråd meiner at liturgiframlegga svarar godt til Kyrkjemøtet sitt vedtak i sak 17/16.

2. *Er dere enige i å kalle ordningen «Vigselsordning for likekjønnede og ulikekjønnede par» / «Vigselsordning for likekjønna og ulikekjønna par»? Gi eventuelt forslag til en annen benevnelse.*

**Samrøystes Innleiande kommentarar til sp 2 frå Møre bispedømmeråd:**

Kyrkerådet uttrykkjer at liturgiframlegget sin tittel ikkje er god og inviterer høyringsinstansane til å fremje tittel på den nye liturgien. Dessutan, sidan den nye liturgien skal kunne brukast av både likekjønna og ulikekjønna par, er det eit poeng at tittel og ordbruk er kjønnsinkluderande. Samstundes er det viktig at tittelen tek omsyn til at det og er ein annan godkjent liturgi, slik at ordlyden ikkje gir inntrykk av at liturgien er eksklusiv og suveren.

**Eit antal på 8 av 10 vil at Møre bispedømeråd gir slikt svar til spørsmål 2:**

Tittelen på liturgien kan vere: «Vigselsliturgi 2017»

**Eit antal på 1 av 10 vil at Møre bispedømeråde gir slikt svar til spørsmål 2:**

Tittel på liturgien kan vere: «Ordning for vigsel og vigselsliturgi for likekjønna og ulikekjønna par»

**Eit antal på 1 av 10 vil at Møre bispedømeråde gir slikt svar til spørsmål 2:**

Tittelen på liturgien kan vere: «Kjønnsnøytral vigselsliturgi»

3. *Alminnelige bestemmelser (s 1-2)*

**Samrøystes innleiande kommentarar til sp 3 frå Møre bispedømeråd**

Førande for liturgiframlegget er Kyrkjemøte sitt vedtak om at framlegg til ny liturgi skal «svare til» gjeldande liturgi. Det er eit viktig poeng at liturgiane skal stå fram som likeverdige. Det har ført til eit ønskje om å ikkje endre meir enn naudsynt. Samstundes er det uklokt om gjeldane liturgi blir standard som alt anna skal målast på. Grunnleggjande for dei juridiske spørsmåla knytt til innføring av liturgien, er at Kyrkjemøtet vedtar ein ny liturgi og at liturgien ikkje står fram som ein revisjon eller ein versjon av gjeldande ordning. Når Kyrkjemøtet ber om at det blir utarbeidd ein «tilsvarande» liturgi, så kan ein fort kome i ein situasjon som tilslører om liturgien er «ny» eller om liturgien er ein ny-versjon. Det er den teologiske grunngevinga for ekteskapet som er ny og som gjer det rett å forstå liturgien som ny.

Sjølv om «alminnelige bestemmelser» ikkje er ein del av sjølve høyringa, så er ordbruk, innhald og formuleringar i rubrikken viktige for vegleing og forståing vidare. Når høyringsutkastet byter ut ord som brudepar og ordpara «kvinne og mann» med andre formuleringar, så kommuniserer erstatningsorda «ekteparet», «paret» og «to personar» godt med samanhengen dei står i. Andre stader nyttar ein setningskonstruksjonen «som skal verte (ekte)vigde» Denne ordbruken er tung og knapt nytta i dialektane og bør erstattast med «paret» eller «dei som skal vie seg/ dei som blir vigde»

Det er eit svært godt grep når kyrkerådet sitt framlegg viser til «Tenesteordning for kyrkjelydsprestar, §7», og slik tar grep om mange av vanskane innføring av ny liturgi skapar i deler av presteskapet. Ved å leggje

mynde til å velje liturgi til forrettande prest, så vil ny liturgi gi vern og integritet til dei prestar som ikkje ynskjer å ta liturgien i bruk. Her viser fleirtalet vilje og respekt for det syn mindretalet gir uttrykk for. Fridomen til å velje om ein vil ta liturgien i bruk, vil bety mykje for vidare einskap og vil motverke splitting og mange vanskelege situasjonar. Samstundes er det viktig å seie at dei likekjønna og dei ulikekjønna sin rett til å bli vigde etter ny liturgi, står ved lag. Det kviler her eit stort ansvar på biskop og prostar. Det lyt treffast ordningar og etablerast kjørereglar som gir integritet til dei ulike partane. Konkret handlar det om å utvikle gode bestillingsrutinar lokalt, anten para vender seg direkte til prest eller til kyrkjekontor/servicekontor. For Møre bispedømme sin del, handlar det om tilgang til vikarar der para ønskjer å bli vigd etter ny liturgi når den lokale presten ikkje ønskjer å ta liturgien i bruk.

**Eit samrøystes Møre bispedømmeråd (10 av 10 medlemmer) gir slikt svar på spørsmål 3:**

a) Møre Bispedømmeråd støttar framlegg frå kyrkjerådet om å bruke erstatningsorda «ektepar», «par» og «to personar» i staden for «brudepar» og «brud/brudgom». Setningskonstruksjonen «som skal verte (ekte)vigde» bør erstattast med «paret» eller «dei som skal vie seg/ dei som blir vigde»

b) Bispedømmerådet støttar framlegget som viser til at presten ut frå ordinasjonsløfte og tenesteordning har rett til å velje mellom likestilte ordningar

*(jf. Tjo for menighetsprest § 7: Presten skal utføre sin tjeneste i samsvar med Den norske kirkes ordninger. Gudstjenester og kirkelige handlinger forrettes etter de fastsatte liturgier. Liturgier og ordninger kan bare fravikes når de selv hjemler det.*

*Forrettende prest har ansvaret for å lede forberedelsen og gjennomføringen av gudstjenester og kirkelige handlinger. Presten har i denne sammenheng rett til å treffe beslutning i alle forhold der beslutningsmyndigheten ikke er lagt til andre enn presten)*

c) Bispedømmerådet ber om at det blir utarbeidd ei rettleiing frå Bispemøtet, samt gode og presise bestillingsrutinar i samband med vigsle, som tar vare på integriteten til paret, presten og andre tilsette.

4. *Den innledende teksten eller til punktene 1, 2 og 3 i forslaget til vigselsliturgi for likekjønnede og ulikekjønnede par?*

**Eit fleirtal på 6 av 10 vil at Møre bispedømmeråd gir slik innleiande kommentarar til spørsmål 4**

Møre Bispedømmeråd ønskjer ikkje at ordninga med brudeoverlevering blir stimulert. Tradisjonen der far fører dotter fram til alteret brer om seg. Mange opplever det meiningsfullt og høgtideleg at far fører eiga dotter frå barndomsheimen og inn i ein ny familiesamanheng. Samstundes kan denne praksis føre til ein tradisjon som gir eit syn på likestilling og ekteskap som ikkje kommuniserer godt med samlivet slik det er i dag.

**Eit mindretal på 4 av 10 vil at Møre bispedømmeråd ikkje gir innleiande kommentar til sp 4**

**Eit samrøystes Møre bispedømmeråd (10 av 10 medlemmer) gir slikt svar på spørsmål 4:**

- a) Rettleiinga under «1 Preludium/innang» bør ha følgjande ordlyd i 2. ledd. «Dei som skal vie seg» eller helst berre «paret». Bispedømmerådet tilrår vidare same ordlyd i pk. 2 Inngangsord
- b) Bispedømmerådet er samd med Kyrkjerådet i vurderinga av å ikkje gi rom for ei utvida treeiningshelsing.
- c) Bispedømmerådet rår til at skriftordet frå Salme 36 blir fjerna som alternativt skriftord, som i Kyrkjerådet sitt framlegg.

5. *De innledende ordene under punkt 4 Skriftlesninger («Gud har skapt oss [...] stå ved hverandres side livet ut»)?*

**Eit fleirtal på 6 av 10 vil at Møre bispedømmeråd gi slik innleiande kommentar til sp 5**

Innleiingsorda har i kyrkjerådet si handsaming fått god språkleg flyt. Ut frå kravet om ein liturgi som «svarar til» gjeldande liturgi, merkar ein seg endring av pronomen frå «han» til «seg». Språkleg gir endringa betre flyt, opnar for meir kjønnsinkluderande språk og uttrykkjer ei noko anna vektlegging av gudsbiletet.

Gjeldande liturgi har formuleringa: «Han (Gud) har ordna det såleis at mann og kvinne skal vere eitt», medan framlegg til ny liturgi ikkje har same trykk på at einskapen mellom dei to er ei «Guds ordning». Den nye formuleringa gjer klokt i å vise til at einskapen i ekteskapet ikkje er å forstå som ei «ordning», innstifta av Gud. Slik erkjenner formuleringa at den nye liturgien kviler på ei utvida forståing av ekteskapet.

**Eit mindretal på 4 av 10 vil at Møre bispedømmeråd gi slik innleiande kommentar til spørsmål 5**

Innleiingsorda har i kyrkjerådet si handsaming fått god språkleg flyt. Ut frå kravet om ein liturgi som «svare til» gjeldande liturgi, merkar ein seg endring av pronomen frå «han» til «seg». Språkleg gir endringa betre flyt, opnar for meir kjønnsinkluderande språk og uttrykkjer ei noko anna vektlegging av gudsbiletet.

«Bispedømmerådet støttar formuleringa i forslag til ny liturgi, om at ekteskapet er Guds gode gåve»

**Eit samrøystes Møre bispedømmeråd (10 av 10 medlemmer) gir slikt svar på spørsmål 5:**

Bispedømmerådet rår til at framlegg til ordlyd blir følgt.

6. *Forslaget til to obligatoriske skriftlesninger og at disse skal være Sal 36,6-10 og 1 Joh 4,7-12? Angi eventuelle andre forslag til lesninger.*

**4 av 10 vil at Møre bispedømmeråd gir slikt svar på spørsmål 6:**

Bispedømmerådet opplever at mangel på fundamentalord er eit tap for ny liturgi. Bispedømmerådet erkjenner at det er uråd å bruke fundamentalorda frå gjeldande ordning i ny ordning, men synes at fleire skriftstader enn Salme 36, 6-10 og 1. Joh. 4, 7-12 skulle blitt vurdert som faste skriftstader. Sidan 1. Kor. kp. 13 ofte blir lest i vigsler, og er av nytestamentet sine kjærneord om kjærleiken, ønskjer bispedømmerådet at versa 4-13 skal vere av dei obligatoriske skriftorda som blir lest. Særleg kan ein slutte seg til at orda om å sjå som i ein «spegel» og i ei «gåte», reflekterer kjærleiken på mangfaldige måtar. Ved å la orda frå Salme 36 bli ein av dei alternative tekstane, som kan lesast etter dei faste, og ved å ta inn 1. Kor. 13 som ein av to obligatoriske tekstar, vil eit av hovudbileta som nytestamentet teiknar av kjærleiken oppfattast som fundamentalord i ei «ny» forståing av ekteskapet. (sjå vedlegg)

Bispedømmerådet rår til at 1. Kor. 13, 4-13 og 1. Joh 4, 7-12 blir valt til obligatoriske skriftord i ny liturgi og at Salme 36, 6-10 blir lagt til lista av valfrie skriftstader.

**4 av 10 vil at Møre bispedømmeråd gir slikt svar til sp 6:**

Sjølv om ny liturgi forankrar ekteskapsforståinga sterkare i ekteskapslova si forståing, ikkje minst ved å ta bort formuleringa «Guds ord vitnar om ekteskapet at det er heilagt og ukrenkjande» frå gjeldande liturgi, så må likevel ei vigsle i kyrkja skje etter Guds ord og vilje. Bortfall av fundamentalord kan gi uttrykk for at det er vanskeleg å finne gode bibelord som rammar inn den forpliktande kjærleiken mellom likekjønna. Salme 36, 6-10 og 1. Joh 4, 7-12 er vurdert som faste skriftstader, og bispedømmerådet har ikkje andre skriftstader å koma med. Bispedømmerådet har ikkje andre framlegg til skriftlesingar. Dei framlagde forslaga til obligatoriske og valfrie skriftstader blir valt.

**Eit anna antal på 2 av 10 vil at Møre bispedømmeråd gir slikt svar til sp 6:**

Møre Bispedømmeråd har denne tilleggscommentaren til tekstane frå 1.Joh.4, 1.Kor.13 og Salme 36. Sidan ein ikkje kan finne bibelsk belegg for likekjønna samliv eller vigsle, vel ein i staden tekstar om Guds Agape-kjærleik som jo er modell for korleis vi skal elske kvarandre som kristne søsken. Dette er noko heilt anna enn den fysiske, sjelelige og romantiske kjærleiken som seksualitet og samliv er drive av. Agape-kjærleiken som tekstane handlar om er ein oppofrande og audmjuk vilje til å tene og elske nesten vår i allmennmenneskelege relasjonar der vi elsker fordi Han elska oss først. Ingen av dei tre tekstane handlar om ekteskap og kan difor etter vår meining ikkje brukast i ein ekteskapsliturgi. Dersom ein kunne finne fram til fundamentalord om likekjønna ekteskap, burde desse bli lagt på bordet i staden!

7. *Ekteskapsinngåelse.*

**Eit samrøystes Møre bispedømeråd (10 av 10 medlemmer) gir slikt svar på spørsmål 7:**  
Møre bispedømmerådet har ikkje andre framlegg til ordlyd.

8. *Punktene 8 – 13 (Overrekkelse av ringer, forbønn, musikk/symbolhandlingar, salme, velsignelse, utgang).*

**Eit samrøystes Møre bispedømeråd (10 av 10 medlemmer) gir slik innleiande kommentar til spørsmål 8:**

Symbolhandlingane i samband med forbøn er i aukande grad viktige. Ein kan sjå at det utviklar seg skikkar og praksis, initiert av iherdige planleggjarar eller henta frå andre land og kulturar sine tradisjonar, som langt overgår dei handlingar som er skissert i liturgien. Det kan vere klokt å vurdere om ei uttøymande liste av symbolhandlingar kan erstatte dei opne formuleringane som framlegget rår til.

Framlegget til ny liturgi sine tiltaleformuleringar ved forbønn er gode.

Ein held fast på formuleringa «Herrens bøn» i framlegget til introduksjon av bønna Jesus lærte oss. Argumentasjonen er at ny ordning skal samsvare med gjeldande ordning. Det er mogleg å nytte allereie innarbeidde formuleringar frå dei nye gudstenesteordningane. Anten bør det stå «La oss saman be den bønna Jesus lærte oss» eller «La oss be Fadervår»

**Eit samrøystes Møre bispedømeråd (10 av 10 medlemmer) gir slikt svar på spørsmål 8:**

Bispedømerådet støttar framlegg til ordlyd, men ber om at ordninga i tillegg presenterer ei uttøymande liste over symbolhandlingar i samband med overrekking av ringar og under forbøna.

Bispedømerådet ber også om at ein i introduksjonsorda, i staden for å bruke «la oss be Herrens bøn» heller brukar, anten: «La oss be den bønna Jesus lærte oss» eller «La oss be Fadervår»

9. *Det er lagt til 4 nye skriftlesningene som en kan velge å lese. Bør noe tas ut og/eller andre skriftlesninger tas inn?*

**7 av 10 vil at Møre bispedømmeråd gir slik innleiande kommentar til sp 9:**

Framlegget tar til orde for at fundamentaltekstane for gjeldande liturgi blir lagt til lista over valfrie skriftstader. Det er eit godt framlegg, ikkje minst fordi ny liturgi også skal brukast ved vigsle av ulikekjønna par.

Teksten frå 1. Mos kp. 2 er henta frå den andre skapingsforteljinga, men er nok prega av å vere lausriven frå samanhengen teksten står i. Tekstordet har ei avslutning som konkluderer med at mennesket ikkje fann hjelpar til seg sjølv av same slag. Løysinga Gud valde var å skape kvinna. Vidare viser skriftordet til at mannen og kvinna skal vere eitt. Det er desse orda Jesus viser til i Matt. 19,5. Bispedømmerådet meiner difor at denne teksta ikkje er eigna til å lesast ved vigsle av likekjønna par.

Teksten frå Ruts handlar meir om lojalitet til svigermor enn om kjærleik mellom to likeverdige personar.

Bispedømmerådet er derfor usikker på om dei to siste tekstord er eigna som valfrie tekstord. På grunnlag av samanhengen tekstorda står i, rår ein til at dei to tekstorda ikkje blir teken inn mellom dei valfrie tekstane. (sjå vedlegg)

**7 av 10 vil at Møre bispedømmeråd gir slik svar på spørsmål 9:**

Bispedømmerådet tilrår at fundamentalorda frå gjeldande liturgi (1 Mos 1, 27-28 og Matt 19, 4–6) blir lagt til lista over valfrie ord. Bispedømmet ber om at tekstordet frå Ruts bok, kp. 1, 16-18 og frå 1 Mos. Kp 2 18-20 ikkje blir lagt til lista over valfrie skriftord.

**3 av 10 vil at Møre bispedømmeråd gir slik innleiande kommentar til sp 9:**

Bispedømmerådet opplever at dei fire tekstane er fine tekster som absolutt bør vere med. Det er viktig at Matt 19 og 1. Mos 1 blir vidareført – det er jo framleis ein god del ekteskap der desse tekstane vil passe godt! Om teksten frå 1. Kor 13 blir valt til obligatorisk tekst, fell dette tekstavsnittet bort her.

**3 av 10 vil at Møre bispedømmeråd gir slikt svar på spørsmål 9:**

Bispedømmet rår til at dei 4 skriftstadane blir tatt inn i lista over valfrie skriftord som kan lesast.

10. *Forbønnsliturgi for likekjønnede og ulikekjønnede par.*

**Eit samrøystes Møre bispedømmeråd (10 av 10 medlemmer) gir slikt svar på spørsmål 10:**

Bispedømmerådet har ikkje merknader til endringane framlegget frå kyrkjerådet opnar for.



## 11. Andre kommentar

### 6 av 10 vil at Møre bispedømmeråd uttalar:

Bispedømmerådet støttar kyrkjerådet sitt framlegg til ordning for forbøn for likekjønna og ulikekjønna. Det er likevel slik at motstandarane av innføring av liturgi for likekjønna opplever at det er uråd å likestille ei bibelsk forståing av ekteskapet med den juridiske forståinga som ekteskapslova frå 2009 opnar for.

### Eit antal på 4 av 10 vil at Møre bispedømmeråd uttalar:

Bispedømmerådet fastheld at det er uråd å likestille ei bibelsk forståing av ekteskapet med den juridiske forståinga som ekteskapslova frå 2009 opnar for.

### Samrøystes uttale frå Møre bispedømmeråd:

Det er det særst viktig i tida som kjem at retten til å ikkje vie likekjønna etter ny ordning står ved lag, og at retten til å ikkje ta i bruk liturgien ved vigse av ulikekjønna også står ved lag. Vidare krev situasjonen at dei som vender seg til prestar og til kyrkjekontor får god informasjon og klar forståing for deira rett til å bli vigd etter ein av dei to liturgiane, samstundes som ein møter dei som vil vie seg på ein god og positiv måte. Alle som har ansvar lyt finne fram til gode samhandlingsrutinar slik at vi kan ta vare på den einskilde sin integritet og samvit. Styrken i eit demokrati blir ofte synleg i korleis fleirtalet handsamar mindretalet. Samstundes lyt mindretalet også akseptere og respektere at andre syn enn deira eige har fortrinn.

## Avslutning

### Samrøystes uttale frå Møre bispedømmeråd

Debatten om vigse av likekjønna er av dei største og lengstvarande debattar i kyrkja. Debatten har i tillegg til å vere ein debatt og samtale om teologi, om kyrkja si lære og om korleis ein skal forstå dei ulike skriftstadane i Bibelen, også vore prega av samfunnsutvikling og politisk forankra argumentasjon. Det har nokre gonger sett ut som at debatten har utfordra sterkast og sett djupast spor der kjærleiken til kyrkja allereie er utfordra. Ein del har gjennom denne saka meldt seg ut av kyrkja, medan andre endeleg har kjent at kyrkja har blitt ein organisasjon og ein samanheng ein kan vedkjenne seg. Slik har også fleire meldt seg inn i kyrkja etter at Kyrkjemøtet gjorde sitt vedtak 17/2016.

I heile denne tida har gudstenestelivet og kyrkjelydsarbeidet gått sin gong, og mange har erfart at den store debatten har vore sterkast og mest høglydt på utsida av kyrkjerommet. Sjølv om prestar, sokneråd, andre tilsette og mange andre har og har hatt meiningar og stått i ulike posisjonar, har ein likevel kjent einskapen i kyrkjerommet og gjort valet om å vere ein

del av denne einskapen. Samling om ord og sakrament skjer kvar sundag, og mange kjenner at einskapen er mykje viktigare enn usemja i spørsmålet om likekjønna vigsle eller andre vanskelege spørsmål. Vi kan leve godt saman sjølv om vi har ulik overtyding i mange spørsmål, men kyrkja vil oppleve splitting om einskapen i Kristus blir utfordra. No er det ei stor utfordring å skape varme, inkluderande og opne fellesskap. Slik kan vi i kyrkja gi rom , respekt og integritet til kvarandre.

Med helsing

Bjørn Olaf Storhaug  
stiftsdirektør

Arvid Helle  
avdelingsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*